

**REFERAT ÅRSMØTE 2017**  
Torsdag 30.november

**SAKLISTE**

**1) Godkjenning av innkalling**

Innkallinga vart samrøystes godkjent. Det vart registrert 37 røysteføre medlemmer blant dei frammøtte.

**2) Godkjenning av sakliste**

Det kom framlegg frå styreleiar om at sak 8 (val av leiar og styremedlemmer) og 9 (val av nestleiar) vart flytta til slutten av saklista. Dette vart samrøystes vedtatt.

2 medlemmar meinte saklista var mangelfull, då sak om kjøp av hytte eigd av Alvar Melvær ikkje var med på saklista\*. Det kom framlegg om at saklista ikkje kunne godkjennast på grunn av dette, og at årsmøte måtte utsettast.

2 medlemmar stemte for å utsette årsmøtet, medan resten av årsmøtet godkjente sakliste med framlegget til endring frå styreleiar.

*\*-Bakgrunn for sak om kjøp av hytta til Alvar Melvær:*

*Alvar Melvær sendte hausten 2017 eit tilbod til Flora Turlag om kjøp av si hytte ved Grøndalsvatnet. Sigbjørn Stenseth hadde også meldt inn dette som sak. I forkant at årsmøtet sendte Alvar Melvær e-post til styret i Flora Turlag, der han og ba om at saka ikkje var lagt fram på årsmøtet 2017. Med bakgrunn i dette satt styret ikkje opp kjøp av hytta til Alvar Melvær på saklista for årsmøtet.*

**3) Val av møteleiar**

Rune Norstrand Olsen vart samrøystes valt som møteleiar.

**4) Val av to møtesekretærar**

Sara Marie Ytreøy og Marit Linda Espeseth vart samrøystes valt som møtesekretærar.

**5) Val av to til å skrive under møteprotokollen**

Sigbjørn Stenseth og Sissel Strømmen vart samrøystes valt til å skrive under møteprotokollen.

## 6) Godkjenning av Årsmelding for 2017

Årsmeldinga vart samrøystes vedtatt.

## 7) Godkjenning av Rekneskap for 2017

Rekneskap for 2017 vart samrøystes vedtatt.

## 8) Innkomne saker:

- a) Hyttestrategi – saksvedlegg nr. 1

Styret v/styreleiar Siv Merete Stadheim gjekk gjennom styret sitt framlegg til hyttestrategi.

Det kom fram eit endringsforslag til styret sin hyttestrategi, der styret sitt forslag vart tilført følgande punkter:

- Hyttestrategien skal forankrast i nasjonal hyttestrategi utarbeida av DNT.
- Strategien skal opne for å investere i hytter innanfor Ålfotbreen landskapsvernområde.

Endringsforslaget fekk 3 røyster. Dei andre røysta for styret sitt forslag til hyttestrategi som då vart vedtatt.

- b) Grytadalsbu – saksvedlegg nr. 2

Flora Turlag har ei festeavtale med Gudmund Strømsnes, no Jens Petter Strømsnes, for Grytadalsbu. Festeavtalen utløper 1.1.2019.

Det kom fram på årsmøtet at turlaget skal ha mottatt skriftleg oppseiing av festeavtalen frå Gudmund Strømsnes ei tid tilbake. Det må undersøkast om Gudmund hadde myndigheit til å sei opp avtalen på dette tidspunktet, eller om Jens Petter då hadde overtatt garden.

Det kom spørsmål frå årsmøtet om ein evt skal behalde hytta når grunneigaravtalen går ut.

Styret kom med følgjande framlegg til vedtak:

*Styret får fullmakt av årsmøte til å forhandle fram ei løysing som er til det beste for Flora Turlag.*

Styrets framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

- c) Kinn – saksvedlegg nr. 3

Avtalen mellom Kinn Sokneråd og Flora Turlag er gått ut, og det er per i dag skissert to alternativ til vidare drift av skulehuset som overnattingsstad i regi av turlaget:

1) Soknerådet får skil frå tomta og kjøper denne. Vidare inngår dei ein langsiktig leigeavtale med turlaget. Vi treng å skissere ein slik avtale.

2) Turlaget trer inn i soknerådet sin stad, skil frå tomta og kjøper både tomt og skulehus.

Styret la fram følgjande justerte framlegg til vedtak:

*Styret får fullmakt av årsmøtet til å forhandle fram ei løysing som er til det beste for Flora Turlag, som inkluderer enten ein langsiktig leigeavtale (minst 40 år) eller kjøp av tomt og hytta. Eventuell kjøp av tomt og hytta skal leggjast fram for godkjenning på eit ekstraordinært årsmøte.*

Styrets justerte framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt av årsmøtet.

d) Revisjon av lagslov – saksvedlegg nr. 4

Flora Turlag si [lagslov](#) vart sist revidert 2003.

Flora turlag og DNT har sidan den tid utvikla sin aktivitet både for fleire målgrupper men og teke meir heile kommunen i bruk til sine aktivitetar.

I tillegg har Flora Turlag vore ein større organisasjon med ein medlemsutvikling frå 275 medlemmar i 2003 til 933 i 2017.

I dag er det kun styre, revisor samt valnemd som er årsmøtevalt. Revisjonen må og vurdere om dette er hensiktsmessig og i framtida og/eller om ei eller fleire av aktivetsgruppene skal velgjast på årsmøte.

Forslag til vedtak:

*Styret utarbeider forslag til revidert lagslov til årsmøte 2018.  
Nytt forslag skal vere publisert til høyring minst 1 mnd før årsmøte.*

Styrets framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

## 9) Handlingsplan og turar for 2018

a) Sjå saksvedlegg i årsmelding

Styreleiar gjekk gjennom handlingsplan for 2018.

Det kom to forslag til tillegg til handlingsplanen:

*Styret bør gå i dialog med grunneigar på Kinn om oppsett av turkasse og turbok.*

*Styret skal utgreie hytta til Alvar Melvær til neste årsmøtet. Tur til hytta bør settast opp på turprogrammet, slik at ein blir kjent med hytta og turområdet den ligg i.*

Handlingsplanen m/tillegg vart samrøystes vedtatt.

## 10) Fastsetting av losji prisar for 2018

Forslag til vedtak:

Flora Turlag følgjer DNT sine prisar og reglar på hyttene.

Årsmøtet ønskjer at styret skal også sjå på rutine rundt betaling, for å sikre at fleire betalar for hyttebetaling. Eit tiltak kan vere å ta imot betaling med Vipps.

Styrets forslag til vedtak med tillegg vart samrøystes vedtatt.

### 11) Fastsetting av turavgift for 2018

Framlegg til fastsetting av turavgift:

*Heildagsturar: Medlemmar gratis og ikkje-medlemmar kr. 100.*

*Tysdags- og onsdagsturar: Inga avgift utover faktiske transportkostnader.*

*Barn under 15 år gratis*

*Transport kr. 30 til sjåfør ved felleskøyning. Over 20 km kr. 40.*

Framlegg til turavgift for 2018 vart samrøystes vedtatt.

### 12) Godkjenning av budsjett for 2018

a) Sjå saksvedlegg i årsmelding

Budsjett for 2018 vart samrøystes vedtatt.

### 13) Val av:

- a) – leiar
- b) - to styremedlemmar
- c) - to varamedlemmar
- d) - revisor
- e) - to utsendingar til Sogn og Fjordane Turlag sitt årsmøte
- f) - eit medlem til valnemnda

#### **Valnemnda si innstilling:**

Siv Merete Stadheim	medlem	attval	(1 år)
Elisabeth Solheim	medlem	nyval	(2 år)
Arnfrid Bergheim	medlem	attval	(2 år)
Anders Myklebust	medlem	nyval	(2 år)
Sara Marie Ytreøy	medlem	ikkje på val	
Ane Eliassen	medlem	attval	(1 år)
Per Vidar Ottesen	varamedlem	attval	(1 år)
Ronny Berg	varamedlem	attval	(1 år)
Anne Karin Havn Vasby	revisor	attval	(1 år)

Val av leiar:

Siv Merete Stadheim vart samrøystes valt som leiar.

Øvrige styremedlemmar og revisor vart samrøystes valt.

Det kom framlegg om at styret vel utsendingar til Sogn & Fjordane Turlag sitt årsmøte. Framlegget vart samrøystes vedtatt.

Val av valnemnd:

Dag Eliassen	ikkje på val
Heidi Humlestøl Aasen	ikkje på val
Sissel Strømmen	attval for 2 år

Attval av Sissel Strømmen var samrøystes.

**14) Val av nestleiar:**

- a) Veljast blant styret sine medlemmar

Elisabeth Solheim vart samrøystes vald som nestleiar.

Møteleiar Rune Norstrand Olsen vart takka for innsatsen av Styreleiar Siv Merete Stadheim med ei Turbok. Espen Skalle går ut av styret og vart takka for sin innsats med ei Turbok.

Astrid Breiland Eliassen leste navna på vinnarane frå trekking av turbøker og Turtrimmen 2017. Resultata og namnelista vert lagt ut på heimesida samt delt på Facebook:  
<https://flora.dnt.no/>

Kveldens foredragshaldar var Arve Sandal. Fortalte med ord og bilde frå ein tredagars padletur med kano over Ålfotbreen frå Ålfoten til Norddalsfjorden (25 vatten, ein bre, 46 km) saman med Hallgeir Hansen, Knut Hjermann og Vegard Fagerli. Styreleiar Siv Merete Stadheim takka Arve med ei Turbok.

For å feire den gode medlemsveksten på heile 22% vart det servert kaffe og marsipankake til dei frammøtte.

Florø, 30.november 2017

Sara Marie Ytreøy

- referent -

Marit Linda Espeseth

- referent -

Sissel Strømmen

Sigbjørn Stenseth